

Blir brannstasjonen lagd ned?

27.10.2009



Branntroppen i Uskedalen då dei tok askil med Audun Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hvis budsjettforslaget til rådmannen går igjennom, vil brannstasjonen i Uskedalen bli lagd ned og  
brannstyrken på Halsnøy bli halvert. Dette skjer som ledd i ei ny brannordning.**



[Blir brannstasjonen lagd ned? \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Innskrenkinga på denne sektoren omfattar også intern opplæring og ikkje deltidsutdanning til brannmannskapa i Åkra og Fjelberg. Blålys og sirene på brannbilane i Åkra og på Varaldsøy blir fjerna, varslar rådmannen.

Men han strekar under at det er stort behov for nytt brannvernustyr og all den tid rådmannen legg opp til driftsinnsparinger gjennom endra organisering, er det lagt inn ein årleg investeringssum.

Brannstasjon i Rosendal vil trenge ekstraløyving. Plassering er ikkje avklart, men truleg vil byggjing og kjøp av tomt koste det doble av kva som ligg i budsjettet. Dette vil rådmannen kome attende til når grunnspørsmålet er meir avklart.

Andre saker i budsjettet som interesserar Uskedalen er til dømes kapitlet som gjeld behovet for meir omsorgsbustader. I tillegg til bufellesskapet og lågterskeltilbodet på Husnes som vil bli realisert i 2010 bør det i økonomiplanen avsetjast midlar til mellom anna, kjøp av areal og byggjing av 8 leilligheter i Uskedalen sentrum og seks andre slike prosjekt rundt om i kommunen.

Rådmannen peikar på at når kommunen står som utbyggjar, har Husbanken svært gunstige finansieringsordningar Det tilseier at det no blir sett av midlar til slik byggjing, held rådmannen fram.

Ombyggjing om utbetring er eit spesielt stort problem på skulane og i barnehagane. Blant dei konkrete tiltaka rådmannen her peikar på er arbeidsplassar i barnehagen ved Uskedalen oppvekstsenter.

Rådmannen skriv om busslomma på Ljosnes at ho vil gje driftsinnsparing og at ho i tråd med lovnadar bør takast inn att i budsjettet.

Til oppstart av rehabilitering ved Rosendal Ungdomsskule er det lagt inn ei startløyving på 6 millionar i 2010. Samla blir det i økonomiplanen sett av 39 millioner til denne skulen, varslag rådmannen.

Rådmannen opplyser også at det er overført midlar frå kloakk i Uskedalen til kloakk Seimsfoss/Omvikdal.

Av Ola Matti Mathisen